

Vi bruker informasjonskapsler for å forbedre brukeropplevelsen. [Besøk vår informasjonsside](#) for mer detaljer, eller finn lenken i bunnen av NRK.no.

X

NRK TV

NRK RADIO

NRK

NRK

NRK

Nyheter

Sport

Kultur

Humor

Distrikt


Mer ▾

Logg på

Søk

25 moskusar skal skytast på Dovrefjell: Dette er årsaka

I løpet av vinteren må talet på moskusar på Dovrefjell ned. Det er det fleire grunnar til.



REGULERT: Moskusbestanden på Dovrefjell blir regulert kvart einaste år.

FOTO: HEIKO JUNGE / NTB



Kari Nygård Tvilde

Journalist

Publisert 23. okt. kl. 11:04

- Eg er veldig imponert over forvaltninga. Det er ein forvaltningsplan og eit system som fungerer, seier seniorrådgjevar Tord Bretten.

Han jobbar i Statens naturoppsyn (SNO) med blant anna moskus og fjellrev.

I forvaltningsplanen han snakkar om står det at det skal vere maksimalt 200 moskusar på vinteren.

Dermed må nokon dyr skytast, og i år gjeld dette truleg opp mot 25 dyr.

- Det er ein plan, og den planen blir følgt, seier Bretten.

Grunnen til at moskusbestanden blir regulert er samansett.



Tord Bretten jobbar ikkje med sjølv forvaltninga, men har ansvar for alle tiltaka som forvaltninga vil ha gjennomført på moskus.

FOTO: EVEN LUSÆTER / NRK

Vandrar ut

Sjølv om moskusarten går nokre tusen år tilbake, så blei moskusbestanden som er på Dovrefjell i dag først sett ut i 1947.

- Det er ikkje ein art som er ønskeleg å spreie til nye område, seier Bretten.

Den første forvaltningsplanen for moskus blei laga for første gong i 1996.

Då blei den laga blant anna i samarbeid med kommunar som hadde moskus i sitt område. Også kommunar som ikkje ønska å ha moskus på Dovrefjell.

- Då antok ein at rundt 70 dyr ville vere passande, seier seniorrådgjevar Erik Lund i miljødirektoratet som jobbar med nettopp forvaltninga.

Etter 1996 har forvaltningsplanen blitt revidert fleire gonger, både som følgje av bestandsvekst og auka lokal toleranse for noko høgare bestand.
[Siste revisjon er frå 2017.](#)



I 1932 og 1938 blei det også sett ut moskusdyr på Dovrefjell, men den bestanden døde ut.

FOTO: TORD BRETTEN/ STATENS NATUROPPSYN

Moskusfe



FOTO: LARS ERIK SKREFSRUD / NRK

- Moskusfe, også kalla moskusokse eller polarokse, er eit par-tåa klauvdyr i oksefamilien.
- Moskusfe opptrer vanlegast i mindre flokkar på åtte til ti dyr, men flokkar på 20–30 dyr er heller ikkje uvanlege. Dei største flokkane kan telje opptil 100 dyr.
- Føraren av flokken er ein fullvaksen okse som følgast av tre til fire vaksne dyr, resten er ungdyr. Paringstida er om sommaren, og skjer etter svære paringskampar.
- Dyra beveger seg fort og klatrar bra.
- Kroppsleoga til eit moskusfe er opptil 2,5 meter, og halen er circa 7 cm lang. Skulderhøgda er circa 165 centimeter og vekta 350–450 kg hos ville dyr. I fangenskap kan dyra vege opp mot 650 kg. Kyrne er betrakteleg mindre enn oksane.
- Moskusen finst i tundrastrøk på den nordlege halvkule, og er meir i slekt med sau og geit enn med storfe. Tundra er vanlegvis dominert av buskar og/eller dvergbuskar, fleirårige urter og mose og lav i ulike kombinasjonar.
- Moskus er ein overlever frå siste istid. Då hadde dyret stor utbreiing i Asia, Amerika og Europa. Restar av dyr frå siste mellomistid er blant anna funnet på Innset i Kvikne. I dag førekjem arten i Nord-Canada, Alaska, Grønland og Skandinavia, men berre i Canada og på Grønland er det opphavlege bestandar.
- I Noreg finst det ein bestand av moskusfe som stammar frå dyr sett ut på Dovre i 1947-1953.
- For, i Noreg har moskusfe blitt sett ut fleire gonger. Først på Svalbard i 1929, men stamma døde ut i 1980-åra. Dyr blei også sett ut på Dovre i 1932 og 1938, men blei utrydda under andre verdskrig. I 1947 og seinare har nye dyr blitt sett ut på Dovre, stamma har auka og regnast no for vel etablert. Dyr frå den norske stamma har også utvandra til Sverige (grensetraktene Femunden–Härjedalen). Det har også blitt gjennomført utsetjingar i Alaska, på Vest-Grønland og i Russland. Desse har til saman bidrøge til rundt 25 bestandar i desse områda.

Kjelde: [Store norske leksikon](#)

Blir sjuke og døyr

Lund seier bestanden til tider vore på nærare 300 individ, men at det har skapt

problem. Dyra har vandra, og har ikkje halde seg innafor kjerneområdet.

- Ein har sett det tidlegare, at jo tettare og større bestanden er, dess fleire blir påkøyrd på veg og bane, og fleire blir sjuke, seier Bretten.

Bretten fortel at sidan 2017 har ein jobba for å ta ned vinterbestanden til 200 dyr. Før dette kunne bestanden vekse fritt og stabiliserte den seg på oppunder 250 dyr.

Då blei også sjukdommar som lungebetennelse og munnskurv kritisk for moskusen.

- Når me har 200 dyr har me mykje mindre sjukdom, og då slepp me at kalvar dør veldig, veldig sakte, seier Bretten.

[Les også](#)

Fem moskus påkjørt og drept



Skyt heile flokkar

For å finne ut kor mange dyr som må skytast tel SNO kor mange kalvar som er født på sommaren, og om hausten tel dei kor mange kalvar som har døydd.

No er moskusbestanden på maks 233 dyr, altså ikkje fleire enn 233.

Dermed må rundt 25 moskusar skytast.

Ifølge Bretten døyr nemleg om lag fem og ti dyr som dei ikkje klarer å finne, og SNO reknar med at nokon kjem til å døy om vinteren.

Når dyr skal skytast tar dei heile flokkar på ideelt fem til sju dyr.

- Viss ein begynner å plukke dyr frå flokkar lærer dei at menneske er farlege og då blir dei sky. Viss dei blir sky på Dovrefjell, då kan dei ikkje vere her, seier Bretten.

Kva flokk som skal skytast er ikkje tilfeldig. Den må vere sett saman på ein viss måte.

- Oksane lever veldig farleg. Hanndyra har eit hardt liv. Dei døyr ofte av andre årsaker, så det me tar ut er mest mogleg vaksne hodyr for å halde ku-andelen nede, seier Bretten.

Då får ein mindre produksjon, og det blir mindre behov for å skyte neste år, fortel Bretten.


[Les også](#)

Fagutvalg foreslår å fjerne moskusen fra Dovrefjell



[Les også](#)

Denne karen er i krise – men historien viser at det er håp likevel



– Nokon dett utfør stup. Det har vore brunst, oksane har krangla, så nokon oksar kjem til å døy av brunstskadar, seier Bretten.

FOTO: ARNT OLSEN

Turisme, kjøt og pels

Bretten fortel at titusenvis av turistar går inn i området til moskusen kvart einaste år, og at dei må lese på informasjonsplakatar og oppføre slik som det står der.

Han oppfordrar om å halde avstand, minst 200 meter. Blant anna fordi moskusane må få beite og legge seg opp feitt til å klare vinteren.

Bretten påpeikar også moskusen har ei heilt anna åtferd enn dei andre store drøvtyggjarar.

– Dei flyktar som regel ikkje, dei forsvarer seg. Det er det veldig mykje folk som ikkje forstår og går veldig nært. Det er farleg, seier Bretten.

Når moskusar blir skotne blir desse levert inn til slakteri slik at ein kan nytte kjøt og pels til det fulle. Skinn og hovud blir selt, og kjøtet blir til menneskemat.

Bretten fortel han har eit profesjonelt forhold til det å skyte moskusen.

- Eg har vakse opp på Dovrefjell, eg har vakse opp med moskus. Eg likar moskus, men eg gjer framleis jobben min, seier Bretten.
- *Så det er til moskusen sitt beste, på ein måte?*
- Ja. Eg har sett alternativet. Eg har sett veldig mange dyr som døyr av munnskurv og lungebetennelse. Det er skikkeleg stygt.


[Les også](#)

Moskusskulta vart vekke: – Vart stolne



[Les også](#)

Fotografer anmeldt for å telte ved fjellrevhi: – Bevisst og grovt



Det er vanlegvis to til tre personar som er med når moskusane skal skytast. Dei har også med to til tre personar som jobbar med dei på slakteriet.

FOTO: LARS ERIK SKREFSRUD / NRK

Publisert 23. okt. kl. 11:04

Opphavsrett NRK © 2023

Ansvarlig redaktør: Vibeke Fürst Haugen

Nettsjef: Hildegunn Soldal